



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Helga Arianson, 5557 2200

Var dato  
29.08.2016  
Dykkar dato

Var referanse  
2016/3186 734.1  
Dykkar referanse

Helse Fonna HF,  
Haugesund sjukehus  
v/adm dir Olav Klausen  
Postboks 2170  
5504 HAUGESUND

### **Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF Haugesund sjukehus - "Stopp sepsis" 06.-07. juni 2016**

Tusen takk for hjelp og tilrettelegging ved dette tilsynet !  
Vedlagt følger rapport frå tilsynet «Stopp sepsis» som vi gjennomførte 06. og 07. juni 2016.

Rapporten inneheld funn frå tilsynet. Vi undersøkte om helseføretaket sikra:

- forsvarleg mottak, registrering og prioritering av pasientar med sepsis/spørsmål om sepsis ved innkomst i akuttmottak
- forsvarleg undersøking og diagnostisering av pasientane under opphaldet i akuttmottaket
- forsvarleg oppstart av behandling av pasientane i akuttmottaket
- forsvarleg klargjering og overføring av pasientane til andre avdelingar

Vi fann tre avvik ved tilsynet:

- Avvik 1: Fleirtalet av pasientar med sepsis og organfunksjon fekk ikkje starta behandling med antibiotika innan tidsfristar fastsette i nasjonale retningslinjer og i sjukehusets prosedyrar.
- Avvik 2: Leiinga har ikkje sørga for at det er tilstrekkelege legekompentanse i akuttmottaket slik at undersøking og oppstart av behandling av pasientar med sepsis kan bli gjennomført innan tidsfristar fastsette i nasjonale retningslinjer og i sjukehusets prosedyrar.
- Avvik 3: Leiinga har ikkje sørga for at sjukepleiarar i akuttmottak har fått nødvendig opplæring og fagkompetanse om sepsis.

Vi ber om å få ein plan for på kva måte helseføretaket vil rette opp denne svikten innan 1. oktober.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

Kopi med vedlegg: Helse Vest RHF  
Statens helsetilsyn